

Fylkesstyremøte Vestland – 2023

Måndag 18.9. kl.13:00 – 15:30

Sakskart for møte på nett



31.08.2023

Egil Hofslí (tekst) Lars Edvin Holgersson (kunst)

Riis-prisen 2023:
Månedens bilde i september

SANDANE: Vinnerbildet i konkurransen *Månedens bilde september 2023*

i prosjektet Riis-prisen 2023 er kåret. Bildet er laget av Lars Edvin Holgersson i Gloppen.



29.08.2023

Egil Hofslí (tekst og kollasj)

Valgguide: Dette vil partiene gjøre med og for kulturskolen

TRONDHEIM: Kommunestyre- og fylkestingsvalget 2023 er snaue to uker unna, og alle de politiske partiene håper at akkurat deres politikk får deg til å velge deres stemmeseddel. Hvis partienes kulturskolepolitikk er viktig for deg: Her får du informasjon som kanskje hjelper.

NYHENDESAK [GLOPPEN](#) OG [KULTURSKULEPOLITIKK](#)

Sakskart til fylkestyret sitt styremøte 18.9.23:

2023.01 Godkjenning av innkalling og sakskart	3
2023.02 Referatsaker	5
Økonomirapport 2. kvartal	5
Rådgjevar sin rapport	6
Leiar sin rapport frå siste hovudstyremøte	7
2023.03 Styrearbeid	8
2023.04 Politisk arbeid	9
2023.05 Utviklingsområda	10
2023.06 Orienteringar	11
2022.07 Eventuelt	12

2023.01 Godkjenning av innkalling og sakskart

Saksdokument: Sakskart på side 2
Innkalling på side 4

Sakshandsamar: Kristin Geiring

Forslag til vedtak:

Innkalling og sakskart godkjennast.

Saksutgreiing:

Innkallinga og sakskartet er utsendt i samsvar med vedtektene og møteplanen.

Frå fylkestyret møter:

styreleiar Kjetil Høgseth Felde
nestleiar Trude Skarvatun
styremedlem Øystein Røsseland Kvinge
styremedlem Kåre Martin Kleppe
styremedlem Kirill Zimin

Frå administrasjonen møter:

rådgjevar Kristin Geiring

Fylkesstyret:

leiar

Kjetil Høgseth Felde

nestleiar

Trude Skarvatun

styremedlem

Øystein Røsseland Kvinge

styremedlem

Kåre Martin Kleppe

styremedlem

Kirill Zimin

varamedlem 1

Ingeborg Opdal Tysnes

varamedlem 2

Grunna permisjon for nestleiar ikkje fylt.

Administrasjonen:

rådgjevar Kristin Geiring

Innkalling til fylkesstyremøte i Vestland, nr. 4 – 2023 den 18.9.23 kl. 13:00-15:30.

Arrangement	Dato/tid	Stad
Fylkesstyremøte 4 – 2023	18.9 / 13:00-15:30	Teams

Innkallinga er i samsvar med endra møteplan.

Sakskartet vert utsendt fjorten dagar før. Forfall vert å melde til underteikna snarast mogeleg.

Fylkesstyret si nettside finn du [her](#). Der finn du bl.a. oppdatert møteplan og styreinstruks.

Vel møtt!

Venleg helsing

Kristin Geiring

rådgjevar, telefon: (+47) 41570508 / e-post: kristin.geiring@kulturskoleradet.no

2023.02 Referatsaker

- Saksdokument:**
1. Rekneskap 2. kvartal 2023 side 5.
 2. Rådgjevar sin rapport side 6-7.
 3. Styreleiar sin rapport frå siste hovudstyremøte side 7.

Sakshandsamar: Rådgjevar og styreleiar

Forslag til vedtak:

Referatsakene er tatt til orientering.

Saksutgreiing:

Økonomirapport 2. kvartal

Avdeling 11 Prosjekt (R8) 112

Norsk Kulturskoleråd

Hele 2023

Organisasjonsnr.: 875627422

Utskriftsdato: 04.09.2023

NOK	Perioden, Januar - Desember		
	2023	2022 Avvik	Endring
Salgsinntekter	173 339	610 184	- 436 845 -71,6%
Sum driftsinntekter	173 339	610 184	- 436 845 -71,6%
Bruttofortjeneste	173 339	610 184	- 436 845 -71,6%
Lønnskostnad	18 633	29 513	- 10 881 -36,9%
Arbeidsgiveravg. og pensjonsk.	2 627	4 161	- 1 534 -36,9%
Sum personalkostnader	21 260	33 675	- 12 415 -36,9%
Kostnader lokaler		59 792	- 59 792
Leie maskiner, inventar o.l.	40 000	18 400	21 600 117,4%
Kostnadsførte anskaffelser		1 581	- 1 581
Fremmede tjenester	26 000	99 239	- 73 239 -73,8%
Kontorkostnad	845	5 930	- 5 085 -85,8%
Telefon, porto o.l.	1 629	2 786	- 1 157 -41,5%
Kostnad og godtgjørelse for reiser	31 845	430 506	- 398 661 -92,6%
Kontingenter og gaver		5 311	- 5 311
Annen kostnad		357 012	- 357 012
Sum driftskostnader	100 319	980 557	- 880 238 -89,8%
Driftsresultat	51 760	- 404 048	455 808 -
Resultat før skatt	51 760	- 404 048	455 808 -
Årsresultat	51 760	- 404 048	455 808 -
Overføringer og disponeringer		- 404 048	404 048

Merknad:

Begrepet «salgsinntekter» er fast i rekneskapsystemet Kulturskolerådet nytter, som vert levert av Visma. Under salgsinntekter ligg driftstilskudd til fylkesavdelinga motteke frå Norsk kulturskoleråd, tilskudd motteke frå kommunar og fylket i Vestland til arrangement i fylket for born og unge og eventuelle deltakerkontingenter frå konferansar, seminar og leiarsamlingar. Arrangement, konferansar, seminar og leiarsamlingar er budsjettert i balanse og vert gjerne og subsidiert av fylkesavdelinga.

Rådgjevar sin rapport

Nettverksarbeid

1. **[Amatørkulturrådet i Bergen](#) i samarbeid med [Norges Musikkorps Forbund Hordaland](#)** arrangerte konferanse i Fana kulturhus søndag 3. september. Fylkesavdelinga var representert ved rådgjevar. Deltakinga var del av vidare samarbeidsmøte med NMF Hordaland. Konferansen fokuserte mellom anna synleggjering og lokaler.
2. **KS og Norsk kulturskoleråd Vestland** held fram planlegging av konferansen 17. november.
3. **[Moster 2024](#) i Bømlo kommune** markerer 1000 års jubileum 29. mai – 2. juni i 2024. Det vert urframføring av eit verk for korps med meire. Kulturskulane i Vestland er invitert til å ta del ved å oppføre verket. Rådgjevar er i dialog med prosjektleiinga.
4. **KS Vestland ved fylkestyret og kommunedirektørutvalget** hadde møte i Oslo 24. mai. Rådgjevar i Norsk kulturskoleråd Vestland, heldt på førespurnad innlegg om status for kulturskulane og Kulturskolerådet sitt arbeid i Vestland og nasjonalt.
5. **Vestland fylkeskommune** inviterte fylkesavdelinga til møte i høve vedteken [Regional plan for kultur](#). Fokus for møta var handlingsplan og innspel til tiltak for kunst og kunstformidling. Grunna anna arbeid vart dette ikkje mogleg for fylkesavdelinga å ta del i. Fylkeskommunen vart invitert til å halde eit innlegg på styremøtet 3. mai, for å orientere om møta og handlingsplan innan området kunst og kunstformidling, men meldte avbud. Fylkesavdelinga fylgjer opp kontakten med Vestland fylkeskommune i høve handlingsplan for regional kulturplan.
6. **De unges festspilldag 2023** fekk støtte frå Vestland fylkeskommune og Bergen kommune. Prosjektet er i samarbeid med Festspillene i Bergen. Sak om vidareføring er drøfta i AU og med prosjektleiar, og vert tatt opp med fylkestyret 18.10.

Politisk arbeid

1. **Vestland fylkeskommune** har i fylkesutvalet 12.4 2023 i høve medlemskap og i tråd med generelle føringar om medlemskap for fylkeskommunen vedtatt dette:

Vedtak

1. Vestland fylkeskommune ønskjer å bidra til utviklinga av kulturskulefeltet, både som skuleeigar og gjennom det kulturpolitiske arbeidet. Eit godt samarbeid med Norsk kulturskuleråd og kommunane som skuleeigarar er viktig for å oppnå dette.
2. Vestland fylkeskommune ser ikkje medlemskap i Norsk kulturskuleråd som hensiktsmessig.
3. Hovudutval for kultur, idrett og inkludering inviterer Norsk kulturskuleråd til å orientere for utvalet.
4. Hovudutval for kultur, idrett og inkludering ber om å få ei sak om utvikling av fylkeskommunens rolle overfor kulturskulane i Vestland.

Jf. pkt. 3 i vedtaket:

Fylkesavdelinga vart våren 2023 invitert til å orientere for utvalet, men det vart utsett.

Styrearbeid

1. **Arbeidsutvalet (AU)** i Norsk kulturskoleråd Vestland, repr. ved styreleiar og rådgjevar, hadde møte 03 - 2023 den 21.8.

Utviklingsområder

1. «Inkluderende kulturskoler» åpner for å [søke midler til 2. runde](#). Dei kulturskulane som tek del frå Vestland no, vert invitert til digital samling hausten 2023. Det er mogleg både for dei som tek del no og for nye søkarar å søke innan 1. november 2023.

Leiar sin rapport frå siste hovudstyremøte

På hovudstyremøte 3-2023 tok styreleiar del. Rapport vert lagt fram munnleg på grunnlag av [sakskart og protokoll](#).

2023.03 Styrearbeid

Saksdokument: Lenker i saksutgreiing. Saksdokument vert utsend i e-post.

Sakshandsamar: Kristin Geiring

Forslag til vedtak:

Det er inga forslag til vedtak.

Saksutgreiing:

1. Årsmøte torsdag 16. november og konferanse fredag 17. november 2023:
 - a. Orientering om saker i årsmøtet.
 - b. Utsending av kunngjering og innkalling etter valet 11.9.
 - c. Valkomiteen sitt arbeid.
 - d. Valkomite årsmøteperioden 2023-2025.
 - e. Verv og oppgåver på årsmøtet og på konferansen.
 - f. Konferanse i samarbeid med KS Vestland.
 - g. [Påmelding til årsmøte og konferanse innan 15. oktober](#)
2. Representasjon: Fylkeskulturkonferansen «Kultur bygger samfunn», Stord 23.11.
3. Budsjett 2024

2023.04 Politisk arbeid

Saksdokument: 1. Hovudstyremøte 03-2023 - [møtedokumentarkiv](#)

Sakshandsamar: Kristin Geiring

Forslag til vedtak:

Det er inga forslag til vedtak.

Saksutgreiing:

Politisk arbeid vert sett i samanheng med Strategi 2032, Meld.St.18(2020-2021), vedtak frå årsmøte, landsting og hovudstyre og utviklingsplan for utviklingsområda.

1. Hovudstyremøte 03 – 2023 13. september
Sakskart kjem 14 dagar før.
Førebuing for styret: les sakskart og protokoll. Noter moment for drøfting.
2. Vestland fylkeskommune:
Vedtak i saka «invitasjon til medlemskap» - sjå sak 2 Rådgjevar sin rapport, side 7 «Politisk arbeid».
Førebuing for styret: Noter moment for drøfting.
3. Kommune-og fylkestingsvalet
Kort runde på status for kulturskulesaka under og etter valet i Vestland.

2023.05 Utviklingsområda

Saksdokument: Saksdokument vert lagt fram.

Sakshandsamarar: Kristin Geiring

Forslag til vedtak:

Det er inga forslag til vedtak.

Utviklingsplan 2021-2023 for vedtekne utviklingsområde på årsmøtet 2021 i Norsk kulturskoleråd
Vestland:
Digitalitet
Fordjuping
Kulturskule for alle – mangfald og inkludering
Nettverk for kulturskuletilsette

Saksutgreiing:

Utviklingsområda er fast sak på styremøta.
Utviklingsplan for styreperioden vart vedteken på grunnlag av:
Prosess på utviklingsplan for utviklingsområda i fylkestyret og innspel frå medlemmane.
Innspel frå Leiarsamlinga og Kunstfagkonferansen hausten 2022.
Fylkestyret drøfter korleis nyleg vedteken «Regional plan for kultur» får relevans for utviklingsplanen.

2023.06 Orienteringar

Saksdokument: Inga saker.

Sakshandsamar(ar) Kristin Geiring

Forslag til vedtak:

Saksutgreiing:

Det er inga innmelde saker til orientering.

Fylkesstyret vert oppmoda til å legge fram orienteringar i møtet.

2022.07 Eventuelt

Saksdokument:

Sakshandsamar Kristin Geiring

Forslag til vedtak:

Det er inga innmelde saker til eventuelt.